

## HØYRINGSINNSPEL

<b>Sak</b>	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjekt Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Dato sendt ut på høyring	19.12.16
Høyringsfrist	13.1.17
Send høyringsinnspel til:	Innsending før 31.12.16: <a href="mailto:post@hib.no">post@hib.no</a> ; <a href="mailto:post@hisf.no">post@hisf.no</a> ; <a href="mailto:postmottak@hsh.no">postmottak@hsh.no</a> Innsending etter 01.01.17: <a href="mailto:post@hvl.no">post@hvl.no</a>
Bakgrunn for saka	Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og modeller med forslag til organisering av den administrative verksemda.  Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).
Høringsspørsmål som delprosjektet ønsker svar på	
<b>Kapittel 4</b>	I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane.  Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?
	b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?
	Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?
<b>Kapittel 5</b>	Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leiing og fagleg organisering)
	Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?

<b>Kapittel 6</b>	<p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p>
<b>Ansvarlig</b>	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Administrativ organisering
<b>Utsending</b>	Programsekretariatet

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Seksjon for kommunikasjon, Campus Bergen
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Møte i seksjonen
<p><b>Innspel</b></p> <p>Bruk fleire sider om det trengs</p>	
<b>Kap 4</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom</p> <p>a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1?</p> <p><b>Modell 1 vil etter vår meining svara best på HVL sine mål om å framstå som ein heilskapleg institusjon, med likebehandling, profesjonalitet, kontinuitet og felles profil og kvalitet på tenestene.</b></p> <p><b>Denne modellen vil også best ivareta behovet for kompetente administrative fagmiljø, som kan utvikla dei administrative tenestene i tråd med moderne forvaltning og utviklinga innan teknologi, og brukarane sine behov.</b></p> <p><b>Modellen svarar på behovet for effektivisering, og bidreg til mindre sårbarhet ved sjukdom, avgang etc. Det er også meir stimulerande å arbeida i større fagmiljø, og det vert dermed meir attraktivt for folk med høg kompetanse å søkja administrative stillingar.</b></p> <p><b>Vi vil spesielt peika på behovet for heilskapleg strategisk kommunikasjon og profilering av HVL. Vi ser at begge modellane legg strategisk kommunikasjon under overordna oppgåver på institusjonsnivå, og det er bra. Kommunikasjon og marknadsføring ligg under fellestenester, noko som også er rimeleg – det er umogleg å sjå for seg ei god, heilskapleg profilering av HVL utan at det ligg på felles nivå. Det er imidlertid svært viktig å ikkje svekka forbindelseslinja mellom strategisk kommunikasjon som overordna oppgåve, og eininga som arbeider med kommunikasjon og marknadsføring i fellestenester. Det vil seia at kommunikasjonseininga må knyttast til/leiast av den som har ansvar for strategisk kommunikasjon, slik at det er eit</b></p>

	<p>virkemiddelapparat som heile tida har eit strategisk kompass å operera etter.</p> <p>Utviklinga og oppdateringa innan kommunikasjons- og marknadsføringsarbeidet skjer i den eininga som har tilsette med spesialkompetanse for dette. Kommunikasjonsfaget er i rask endring og utvikling heile tida, og beste metodar for både rekruttering og generell profilering, kanalbruk etc endrar seg frå år til år. Det er difor viktig å ha ei samla, kompetent og strategisk eining som opererer i takt med denne utviklinga, og som kan rådgje oppover i systemet, ut frå institusjonen sine stadige behov for god profilering og handtering av endring.</p> <p>Vi vil minna om at rekruttering av studentar fell inn under marknadsføringsdelen av HVL. Vi vil difor peika på at dette må skje innan marknads- og kommunikasjonseininga, i nært samarbeid med opptakseininga (ref dagens modellar som hjå t.d Høgskulen Sørøst-Norge, Universitetet i Oslo, HiOA, tidlegare Høgskulen Stord/Haugesund og tidlegare HiB). Dette for å sikre eit godt utvikla, oppdatert apparat knytt til strategiske mål og metodar for rekrutteringsarbeidet, tilpassa behovet for dei enkelte fakultet og studieprogram. Dette er også den mest effektive utnyttinga av kommunikasjonskompetansen ved institusjonen.</p> <p>Det er også slik at det meste av rekrutteringsarbeidet skjer kvar dag, året rundt, i form av den generelle profileringa og merkevarebygginga av høgskulen. Det er profil og omdøme på generell basis som gjer HVL attraktiv for søkjarar, og det er spesielt kontakten med målgruppene inneverande og potensielle studentar året rundt i sosiale media som er med på å byggja oss opp som merkevare. Dette kan ikkje lausrivast frå det meir intensive rekrutteringsarbeidet i visse periodar på året. Her er det viktig å stå for den same profilen, tonen og det strategisk forankra uttrykket som HVL elles er kjend for, slik at institusjonen framstår heilskapleg.</p> <p>Dette er kanskje sjølv sagt, men i vil bere understreka dette, fordi vi er usikre på korleis begrepet «rekruttering» er definert under punktet «opptak og rekruttering av studenter» i rapporten.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <hr/> <p>Korleis oppfyller modell 1 og modell 2 målsettinga om likebehandling av studentar og tilsette i HVL?</p> <p><b>Modell 1 støttar best opp om dette målsettinga.</b></p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

<b>Kap 6</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
Andre merknader	